

Kulturpris Stranda kommune

Retningslinjer

1. Namnet på prisen er ”Kulturpris for Stranda kommune 20..”.
2. Formålet med kulturprisen er å stimulere lag, grupper eller personar i arbeidet for utbreiing/utøving/organisering av ulike kulturaktivitetar i Stranda kommune.
3. Kulturprisen kan gjevast til einskildpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i Stranda kommune, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege.
Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller til landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt ved offentlege midlar, heller ikkje til personar som er tilsett av det offentlege til å drive kulturarbeid eller kulturvern.
4. Kven som helst kan kome med framlegg på kandidatar til prisen. Kommunen annonserer på heimeside og FB-side når framlegg må vere sendt inn til Stranda kommune

Helse, oppvekst og kulturutvalet (HOK) i Stranda kommune avgjer om prisen skal delast ut, kven som skal få prisen og i tilfelle deling, kor stor del kvar skal få.

5. Kulturprisen skal delast ut av HOK ved høve.
6. Kulturprisen kan delast ut berre ein gong til same person/lag/gruppe for same aktivitet.

Helse, oppvekst og kulturutvalet
Stranda kommune